

---

**Fra:** Christian H. Reinshol  
**Sendt:** 2. juli 2014 10:29  
**Til:** 'Arne Kristian Kolstad'  
**Kopi:** Bent Stensaker; 'Hallvard Grodås'; Asbjørn Nagell Toft; Rolf Raknes; Arnold Matre  
**Emne:** Referat oppstartsmøte Johan Sverdrup oljeledning, Bergsvikhamn til Mongstad  
**Vedlegg:** Referat frå oppstartsmøte 16. juni 2014 (L)(27158).pdf; Gebyrforskrift Lindås 2014.pdf

Hei,

Vedlagt er referat frå oppstartsmøtet for reguleringsplanen for oljeledningen. Plan-ID i Lindås kommune vert 1263-201405. Plannamnet vert som me drøfta i møtet: Johan Sverdrup oljeledning, Bergsvikhamn til Mongstad.

Når det gjeld gebyr for planen, så er det for oppstartsmøtet eit fast gebyr på 12 000,- for dette. Dette fakturerer me normalt i samband med utsending av referatet frå oppstartsmøtet. Eg treng difor ein fakturamottakar for dette, så eg foreslår at de som plankonsulent finn ut av om de skal ta eit utlegg for prosjektet her eller om me skal fakturere JSEPP direkte (eg må i alle høve ha ei adresse og namn på fakturamottaker). Det var diverre ikkje mogleg å få utsatt dette og samla gebyra i ei fakturering.

Elles så legg eg ved gebyrregulativet for Lindås kommune. Det endelege gebyret vert rekna ut etter ei plukklister, der ein har faste gebyr på oppstartsmøte og basisgebyr for handsaming av reguleringsplanframlegg. Resten av gebyret er avhengig av type plan, storleik på arealet som skal regulerast, samsvar med overordna plan, etc. Dersom me tek utgangspunkt i eit planområde på 100 da i Lindås kommune, næringsføremål, planframlegg i strid med overordna plan og godkjenning/vurdering av KU, vil det totale gebyret kome på 177 200,-. Som nemnt i møtet vert det ei plukklister dette, så endeleg gebyr avhenger noko av korleis det endelege planframlegget vert sjåande ut.

Dersom det er nokre andre spørsmål knytt til referatet, gebyr eller anna så er det berre å ta kontakt!

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**  
Arealplanleggar / Klimarådgjever  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune

Tlf: 56 37 56 62

Epost: [Christian.reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.reinshol@lindas.kommune.no)